



De e så ålkomme!

ÅLKOMMINN

Vi nærmar oss slutten av alfabetet og tek med dette ordet, som Tveikra skreiv opp i 1983, eit år han må ha vore spesielt aktiv med innsamlinga. Eldre folk kjenner ordet, opplyser han, og det heiter at «åker'n e ålkomminn» når han har brydda over alt. Her er ikkje Tveikra heilt på linje med somme andre tradisjonsberarar frå Nordmøre, slik som Magnus Skeid og Lars Røslie, som seier at åkeren er ålkomminn når han er kommen over mogningsstadiet. Men han er meir i samsvar med Ivar Aasen og andre eldre kjelder på Sunnmøre, som fortel at «ålkomen» tyder 'oppkommen over det heile', om gras og korn.

Saka er vel at ålkommen betyr meir allment 'kommen fullt ut, over alt', med forsterkande førsteledd ål som i t. d. ålvåt, og dette byr seg fram for bruk i forskjellige samanhengar.

I Surnadal kan det om ein som er på konkursens rand heite at «det e så ålkomme med 'nå». Og om nokon som i siste liten får kurert ei blodforgiftning: «Hainna va ålkåmma da 'n gikk åt doktra».

I Valsøyfjorden er ei kvinne ålkomma når ho er heilt på slutten av svangerskapet. Ordboksmannen Hans Ross fann døme som «laksen er ålkomen» frå Hordaland; da er han kommen for alvor, i rikeleg mengd.

Fleire stader i Fosenbygdene kan «ålkommen», «ålkommi» o.l. bety hardt angrepe av sjukdom, nedkjørt, slapp og elendig. Frå Hitra har eg til og med hørt fortalt om ein som var «aldeles ålkomme tå graskap»!



Ålvåt